

Høringsnotat

Politiavdelinga

Dato: 14. juni 2024

Saknr: 24/2919

Høringsfrist: 1. juli 2024

Endringar i våpenforskrifta (løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for Statens naturoppsyn)

1 Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Justis- og beredskapsdepartementet føreslår i dette høyringsnotatet endringar i våpenforskrifta for å gjere det klart at Statens naturoppsyn (SNO) etter søknad kan få løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for avliving og immobilisering av vilt. Departementet føreslår i samband med dette å opne for at tilsette i SNO kan få løyve til lån av SNO sine skytevåpen og våpendelar.

2 Bakgrunn

Da ny våpenforskrift vart vedteke i 2021, vart det innført som noko nytt at berre *næringsdrivande* skal kunne få løyve til å erverve og ha skytevåpen med føremål om avliving av dyr. Det vart ikkje vurdert om SNO og tilsette ved SNO også har behov for løyve med same eller liknande føremål. Justis- og beredskapsdepartementet er nyleg blitt oppmerksom på at dei nye reglane ikkje samsvarer godt med einskilde av SNO sine oppgåver, pålagt oppsynet av Stortinget og regjeringa. Det er derfor behov for endringar i våpenforskrifta som gjev ein tydelegare heimel for politiet til å gje SNO løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar med føremål om avliving og immobilisering av vilt, og, tilsvarende, til å kunne gje tilsette i SNO løyve til å låne skytevåpen og våpendelar med same føremål.

På bakgrunn av dei nye reglane i våpenforskrifta, vart SNO sitt løyve kalla tilbake i april 2024. Etter søknad innvilga Politidirektoratet 15. mai 2024 nytt løyve til SNO med grunnlag i våpenlova § 14. Løyvet gjeld for bestemte rifler, hagler og våpen til immobilisering. Løyvet gjeld ikkje for revolver. Reglane inneber også at SNO ikkje kan låne ut våpen til tilsette som ikkje sjølve har løyve til same type våpen.

3 Gjeldande rett

3.1 Våpenlova og våpenforskrifta

Våpenlova gjeld for våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, men likevel ikkje for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemte for eller som vert bruka i Forsvaret eller politiet si verksemd, jf. våpenlova § 3. Lova

gjeld dermed i utgangspunktet for alle andre offentlege etatar, jf. våpenforskrifta § 1-7.

Den som vil erverve eller ha skytevåpen og våpendelar, må ha løyve frå politiet, jf. våpenlova §§ 5 og 6. Juridiske personar kan også få løyve, jf. § 17. Den som har løyve til å ha og bruke skytevåpen kan også erverve og ha ammunisjon som passar i våpenet, jf. § 7.

For å kunne erverve skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, må både fysiske og juridiske personar dokumentere eit behov eller annan rimeleg grunn for ervervet. I våpenlova kapittel 4 er det gjeve nærare reglar om slike grunnlag for å erverve og ha skytevåpen mv. Sjå også omtalen i Prop. 165 L (2016-2017) kapittel 8.1. Etter §§ 11 til 13 kan politiet gje løyve til erverv mv. til jakt, sportsskyting og samling. Dette er dei vanlegaste føremåla, og det er derfor egne paragrafar om desse. Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til «andre føremål» er regulert i § 14, som fastset at personar som kan dokumentere «eit behov eller annan rimeleg grunn» for å erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon «til andre føremål enn dei som er nemnde i §§ 11 til 13, kan få løyve til å erverve og ha slike gjenstandar». Behov eller annan rimeleg grunn kan til dømes vere minneverde, museumsføremål eller næringsverksemd, jf. § 14 andre punktum.

Kongen kan gje forskrift om mellom anna «ervertsgrunnlag etter § 14 samt krav til opplæring, kva våpentypar som kan ervervast, og det tal løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar etter §§ 5 og 6 som kan ervervast etter § 14», jf. våpenlova § 41 nr. 13. Med grunnlag i delegasjonsvedtak statsråd 11. desember 2020, vedtok Justis- og beredskapsdepartementet ny våpenforskrift 7. mai 2021. Forskrifta tok til å gjelde 1. juni same år.

I våpenforskrifta kapittel 5 er det gjeve nærare reglar om «andre ervertsgrunnlag». Kapittelet inneheld mellom anna reglar om løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for godkjende skyttarforeiningar, til museumsføremål, og til vern mot åtak. Våpenforskrifta § 5-3 regulerer løyve til å erverve og ha skytevåpen «for avliving av dyr». Det følgjer av første ledd at politiet kan gje «næringsdrivande» løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for avliving av tamdyr eller felling av skadedyr. Det følgjer vidare av andre ledd at politiet kan gje løyve til ei komplett rifle, eitt kombinasjonsvåpen eller eitt haglevåpen som er tillatne til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og kapittel 3 i forskrifta, samt våpendelar til dette skytevåpenet. Politiet kan berre gje løyve til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon. Dersom søknaden gjeld ein juridisk person, må organisasjonen dokumentere at dei våpenansvarlege etter våpenlova § 17 har slik våpendugleik.

Føresegnene i § 5-3 vidareførar i hovudsak føresegnene i våpenforskrifta 25. juni 2009 §§ 17 og 18, men det vart i høyringsnotatet, datert 12. mars 2020, foreslått å fastsette som noko nytt at berre næringsdrivande skulle kunne få løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar med føremål om avliving av dyr. Forslaget var grunna i at det i hovudsak vil vere næringsdrivande som vil oppleve så store problem med skadedyr at dei jamleg har behov for skytevåpen til felling av desse. Departementet følgde opp forslaget da forskrifta vart vedteke.

Reglane i våpenlova §§ 11 til 14 og forskrifta kapittel 5 gjeld tilsvarande ved søknad om løyve til lån, jf. våpenlova § 18 anna ledd.

3.2 EU sitt våpendirektiv

EU sitt våpendirektiv er Schengen-relevant og er gjennomført i våpenlova, sjå mellom anna Prop. 165 L (2016-2017) kapittel 1.1 og 3.3. Det opphavlege våpendirektivet 91/477/EEC er endra to gongar gjennom direktiv 2008/51/EC og (EU) 2017/853. I 2021 vedtok EU ei konsolidert utgåve av direktivet, (EU) 2021/555, utan vesentlege materielle endringar. 25. januar 2022 vart EU notifisert om at Noreg har godteke det konsoliderte direktivet.

Våpendirektivet inneheld mellom anna reglar om løyve til å erverve og ha einskilde typar skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Våpendirektivet gjeld likevel ikkje for skytevåpen mv. som offentlege myndigheiter ervervar og har, jf. artikkel 2 nr. 2. Noreg står dermed fritt til å vedta nasjonale reglar om at offentlege myndigheiter kan erverve og ha skytevåpen mv.

3.3 Lov om statleg naturoppsyn mv.

Det følgjer av lov om statleg naturoppsyn (naturoppsynsloven) 21. juni 1996 § 1 at Kongen kan opprette eit naturoppsyn for å ivareta nasjonale miljøverdiar og for å førebyggje miljøkriminalitet. Med grunnlag i lova vart Statens naturoppsyn (SNO) oppretta ved kongeleg resolusjon 25. oktober 1996.

Det følgjer av lova § 2 første ledd at oppsynet skal føre kontroll med at reglane gjeve i eller i medhald av friluftsløva, naturmangfoldslova, motorferdsellova, kulturminneløva, viltlova, laks- og innlandsfisklova, markaløva og småbåtlova vert overheldt. Departementet kan også pålegge oppsynet andre oppgåver, jf. § 2 fjerde ledd.

Med grunnlag i § 2 fjerde ledd har Klima- og miljødepartementet vedteke instruks for det statlege fellingslaget ved uttak av vilt (fellingsinstruksen). Instruksen opprettar eit statleg fellingslag som er organisert som ein integrert del av SNO i Miljødirektoratet. Det følgjer av instruksen punkt 2.1 at SNO mellom anna er pålagt å leie og gjennomføre uttak når Miljødirektoratet av eige tiltak eller etter søknad, treff vedtak om uttak av vilt med grunnlag i naturmangfoldlova § 18 og vedtek at det statlege fellingslaget tar ansvaret for felling. Naturmangfoldlova § 18 omfattar anna uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndigheitene. Slikt uttak kan tillatast når vilkåra i paragrafen er oppfylt. Uttak omfattar både avliving og anna fjerning av individ frå bestanden.

Det følgjer vidare av fellingsinstruksen punkt 3.1 at SNO, utan omsyn til dei reglar som elles gjeld, kan velje den etter tilhøva mest hensiktsmessige metoden i arbeidet med uttak av dyr innanfor dei rammene som Bern-konvensjonen set, jf. viltlova § 35. Bern-konvensjonen forbyr ei rekkje metodar ved felling av artar som er lista under konvensjonen. Metodane kan likevel tillatast dersom nærare angjeve vilkår er oppfylt, jf. konvensjonen artikkel 9. SNO vurderer aktuell metodebruk, samt forholdet til Bern-konvensjonen, i tilknytning til det einskilde fellingsoppdraget.

4 Praksis i dag

Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet gjev jamleg oppdrag til SNO. Dei gjev mellom anna oppdrag om handtering av framande artar, om uttak av naturleg førekomande artar for å beskytte trua artar, uttak av villrein som kryssar mellom område med og utan kjend førekomst av skrantesjuka, uttak av moskus

som kan utgjere ei fare for personar eller trafikk, uttak av rovvilt som gaupe, jerv, bjørn og ulv for å redusere skadepotensialet i beiteprioriterte område eller område med tamrein, og medikamentell immobilisering med merking og flytting av genetisk viktige individ av ulv, jf. avtale mellom Noreg og Sverige.

Medikamentell immobilisering brukast også i oppdrag om uttak av jerv etter 15. februar, for å bedømme reproduktiv status før avliving. Dette for å unngå at mordyr av jerv avlivast når ungar som er avhengig av mora, ligg igjen i eit ukjend hi. SNO har etter løyve frå Landbruks- og matdepartementet høve til å gjennomføre medikamentell immobilisering av jerv utan at veterinær er fysisk til stades.

Fleire av oppgåvene beskrivne ovanfor vert utførte frå helikopter. I slike tilfelle kan omsyn til både gjennomføring og helse, miljø og tryggleik i nokre tilfelle krevje bruk av andre skytevåpen enn det som følgjer av viltloven § 20, jf. unntaka som følgjer av fellingsinstruksen. Også der våpenet er blant dei som er angjevne i viltloven, vil det vere naudsynt med einskilde tilpassingar av våpenet som ikkje er ønskeleg på private våpen.

Ved felling av enkelt dyr av jerv før 15. februar og ulv frå helikopter, vert det ofte bruka hagle. Felling finn ofte stad frå helikopter med skyvedør eller skyvevindaug. Ved skyvevindaug er det ikkje eigna med bruk av haglevåpen som må knekkast for lading, da det av tryggleikssyns ville måtte gjerast utanfor vindaug. For å halde kontroll på tomhylser som elles kan trekkast inn i rotoren, samt kunne gjere raske oppfølgingsskot, vert det frå helikopter bruka pumpehagle med magasinkapasitet på meir enn to skot.

Ved felling av villrein som ledd i oppfølging av skrantesjuka brukast tilpassa boltrifler med lause magasin.

SNO får årleg oppdrag om å avlive jervetisper med ungar i hiet. Jerv kan liggje vanskeleg og trøngt til, nokre gonger fleire meter under bakken. På tilsvarende måte vert mink ofte funne av spesialtrene minkhundar på vanskeleg tilgjengelege plassar, gjerne i trønge gangar under jorda eller under steinblokkar. For å kunne foreta ei sikker felling under slike tilhøve, er ein avhengig av å kunne vinkle våpenet i forskjellige retningar inne i dei trønge gangane. Med til dømes rifle vil dette i fleire tilfelle vere umogleg, då det er for trøngt eller for bratt vinkel på gangen dyret har krope inn i. Bruk av revolver vil i desse tilfella vere einaste moglege måte å avlive dyret på. Revolver er i desse oppdraga sett på som både den mest effektive og den tryggaste metoden for uttak.

Både mink og jervekvalpar er små dyr. I tillegg til omsyna til helse, miljø og tryggleik, er det også meir hensiktsmessig å avlive små dyr med eit mindre kaliber. Revolver vert derfor også bruka for å avlive immobiliserte vaksne jervar og jervekvalpar ved uttak i hi, eller mink, då det er den tryggaste måten å avlive eit dyr på kort avstand.

5 Vurdering og forslag

For å kunne gjennomføre oppgåvene oppsynet er pålagt av Stortinget og regjeringa, har SNO behov for å erverve og ha fleire typar skytevåpen og våpendelar. Etter departementet si vurdering er det behov for å endre våpenforskrifta for å tydeleggjere at SNO kan erverve og ha skytevåpen og våpendelar. Det er ikkje tilstrekkeleg at det berre er næringsdrivande som kan få

løyve til å erverve og inneha skytevåpen med føremål om avliving av dyr. For effektiv leiing av uttaket av vilt, er det naudsynt at SNO også har egne skytevåpen. SNO har dessutan behov for skytevåpen som det ikkje er like lett å grunnkje at privatpersonar treng, og som det ikkje er mange privatpersonar som har løyve til i dag.

Departementet føreslår derfor å endre våpenforskrifta § 5-3 slik at det eksplisitt følgjer av nytt tredje ledd at politiet kan gje løyve til oppsynet som nemnd i naturoppsynsloven § 1 for avliving og immobilisering av vilt. Endringa vert gjort med heimel i våpenlova § 41 nr. 13. Sidan gjeldande § 5-3 berre regulerer avliving, og ikkje immobilisering, må også overskrifta endrast. Omgrepet *avliving* omfattar både felling og uttak.

Som det følgjer av beskrivinga av praksis i dag, har SNO behov for ei rekkje forskjellige våpentypar. Personellet treng hagle, rifle, revolver og skytevåpen til immobilisering, samt tilhøyrande våpendelar. Det kan også vere behov for å gjere endringar i skytevåpenet for å tilpasse våpenet til dei konkrete oppdraga som SNO vert gjeve. SNO vil ha behov for et betydeleg tal skytevåpen til bruk i heile landet.

På denne bakgrunnen føreslår departementet å endre § 5-3 slik at det følgjer av nytt tredje ledd at politiet kan gje SNO løyve til dei våpentypar og det talet på skytevåpen og våpendelar som er naudsynt for at oppsynet skal kunne utføre oppgåver pålagt i eller i medhald av lov.

Etter departementet sitt syn er det både vanskeleg og lite føremålstenleg å angje eit nøyaktig tal våpen som løyvet skal kunne omfatte. Med tida vil det kunne variere kor mange skytevåpen oppsynet har behov for å ha. Det vil også kunne variere kva våpentypar som trengs. Etter departementet sitt syn bør det overlatast til politiet, kontinuerleg og konkret, å vurdere behovet til SNO. Talet på skytevåpen og kva våpentypar SNO kan erverve og ha vil da følgje av løyvet, og ikkje direkte av forskrifta. Kravet til at våpentypane og talet på våpen må vere naudsynt, inneber ein tydeleg avgrensing som politiet må følgje opp når dei utferdar løyve. SNO kan ikkje i noko høve få løyve til å erverve og ha skytevåpen som nemnd i våpenlova § 5 andre ledd, eller som ikkje er tillatne etter våpenforskrifta kapittel 3. SNO kan derimot få løyve til mellom anna hagle, rifle, revolver og skytevåpen til immobilisering som ikkje er omfatta av nemnde paragrafar.

Etter det departementet no kan sjå er dette den beste løysinga. Men ein ber om høyringsinstansane si vurdering av om det heller bør følgje eksplisitt av forskrifta kva våpentypar og kor mange våpen SNO skal kunne erverve og ha. Departementet ber i så fall om konkrete innspel til kva våpentypar SNO treng og kor mange dei har behov for.

I våpenforskrifta § 5-3 andre ledd andre og tredje punktum er det stilt krav til våpendugleiken hjå dei våpenansvarlege i ein juridisk person. Etter departementet si vurdering bør desse reglane gjelde tilsvarende for SNO.

Dersom SNO kan få løyve til å erverve og ha skytevåpen med føremål om avliving av vilt, er det også naudsynt at dei tilsette i SNO kan låne dei same våpena. Departementet føreslår å regulere dette i nytt fjerde ledd, som fastset at politiet kan gje løyve etter våpenlova § 18 andre ledd til tilsette i oppsynet som nemnd i tredje ledd. Løyve etter våpenlova § 18 andre ledd gjeld for personar som ikkje har løyve frå før som dekkjer det våpenet som vedkomande skal låne. Dersom vedkomande allereie har dekkande løyve, er det ikkje behov for nytt løyve, jf.

våpenlova § 18 første ledd. I ny § 5-3 fjerde ledd er det derfor tilstrekkeleg å vise til våpenlova §18 andre ledd. Ved utferding av låneløyve etter § 5-3 fjerde ledd og våpenlova § 18 andre ledd, bør også krava til våpendugleik i § 5-3 andre ledd andre punktum gjelde tilsvarande, og departementet foreslår å fastsette dette i nytt fjerde ledd andre punktum. Det følgjer av samanhengen mellom nytt tredje og fjerde ledd at føremålet med løyvet til dei tilsette i SNO er avliving og immobilisering av vilt. Dette inneber at skytevåpen dei tilsette låner kjem i tillegg til våpen dei eventuelt innehar til andre føremål, slik som jakt.

6 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet kan ikkje sjå at dei foreslåtte endringane i våpenforskrifta i seg sjølv vil få økonomiske eller administrative følgjer av betydning.

7 Forslag til endring av våpenforskrifta

Departementet foreslår følgjande endring i våpenforskrifta § 5-3:

Våpenforskrifta § 5-3 skal lyde:

§ 5-3 Erverv og innehav av skytevåpen for *avliving og immobilisering av dyr*

Politiet kan gje næringsdrivande løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for avliving av tamdyr eller felling av skadedyr.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til ei komplett rifle, eitt kombinasjonsvåpen eller eitt haglevåpen som er tillatne til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og kapittel 3 i denne forskrifta, samt våpendelar til dette skytevåpenet. Politiet kan berre gje løyve etter første ledd til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon. Gjeld søknaden ein juridisk person, må organisasjonen dokumentere at dei våpenansvarlege etter våpenlova § 17 har våpendugleik som nemnt i andre punktum.

Politiet kan gje løyve til oppsynet som nemnd i naturoppsynsloven § 1 for avliving og immobilisering av vilt. Politiet kan gje løyve til våpentypar og våpendelar og det talet på våpen og våpendelar som er naudsynt for at oppsynet skal kunne utføre oppgåver pålagt i eller i medhald av lov. Andre ledd andre og tredje punktum gjeld tilsvarande.

Politiet kan gje løyve etter våpenlova § 18 annet ledd til tilsette i oppsynet som nemnd i tredje ledd. Andre ledd andre punktum gjeld tilsvarande.